

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 25.05.2021 |

Prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur. Tildelingar vår 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 657 000 kroner fordelt slik:

| | | |
|-------------------------------------|--|-------|
| Alt Går Bra | Alt Går Bra Takeover at KODE Bergen Art Museum | 0 |
| Anette Thorsheim | Nedstilt | 0 |
| ANNA ZEHENTBAUER | INGERID | 0 |
| ANNE-LISE SOLHEIM ÅMAN | Kokeboka "Kortreist gatemat..." | 0 |
| ANNIKEN JØSOK HESSEN | Puslespill og Havfruetårer - To workshoper for barn | 0 |
| ANTIPODES CAFÉ | Utforsking av Norges flagg, Bergen 2021 | 0 |
| ARABISK FILMFORENING | Arabisk Filmfest 2021 | 33000 |
| Arle Hjelmeland | Jubelblues - Syng, og få svar! - ei kreativ tekst og musikkstund | 0 |
| ART-FORM Andre S Maradon | Biosfæren | 0 |
| AVGARDE | Avgarde sitt vårprogram 2021 | 20000 |
| BAL MUSETTE ANS | Jeg holder deg i hånden, mor | 10000 |
| Benedicte Maurseth | Systerspel, sakprosa | 30000 |
| BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER | Familiekonsserter | 15000 |
| BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER | Bergen Internasjonale Musikkfestival 2021 | 25000 |
| BERGEN LIGHTS, BERGEN | Bergen Lights 2022 _ Open Call for styrking av regional profil | 70000 |
| BERGEN METAL FEST | Beyond the Gates - Bergen Metal Fest 2021 | 75000 |
| BILDENDE KUNSTNERES FORENING | Søknad om tilskudd til tiltak fra Vestland Fylkeskommune. | 45000 |
| BILETKUNSTNARANE I SOGN OG FJORDANE | Drift av "Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane" (BKSF) | 35000 |
| BLEKK - NETTSKRIFT FOR POESI | Blekk nettskrift for poesi 2021 | 0 |
| BOREALIS | Borealis Ung Komponist 2021-22 | 50000 |

| | | |
|---|--|-------|
| BORGHILD RUDJORD UNNELAND | Støv | 25000 |
| Brua Vestland | Woodshock | 20000 |
| CONE 7- CERAMIC WORKSHOP AS | CONE 7 - CERAMIC WORKSHOP | 0 |
| CORIOLISKVARTETTEN | Coriolis - Anazawa Turné 2021 | 20000 |
| Dan Børve | artist residency Skarpeteigen | 0 |
| Daniel Mariblanca | A TRUE STORY | 0 |
| DUKKETEATERVERKSTEDET | Hull og Sønn | 0 |
| Enkeltmannsforetaket Ole Mads S Vevle | KJære G-d | 0 |
| Eventyr I Parken | Askeladden på Trolljakt | 0 |
| FARTEIN VALEN-STIFTELSEN | På tur med Fartein Valen | 30000 |
| Fjordabaatane | Markedsføring av 2. pinsedagstur / fjordabåtparade 4. september | 0 |
| FJÆRA BLUESKLUBB | FjordBlues 2021 | 45000 |
| Foreningen Trykkeriet | Prosjektstøtte til produksjoner og utstillinger høsten 2021 | 25000 |
| FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS | Utvandringshistorie til Amerika | 22000 |
| FORTIDSMINNEFORENINGA | "Marias heimkomst". Seminar og konsert ved Mariafestdagar, Vik i Sogn | 50000 |
| FREMTENKT AS | Bærekraftshistorier | 0 |
| FRES FESTIVAL | Fres Festival 2021 | 35000 |
| FRIDA RIISNES | OCTAABER | 0 |
| FURNATURE AND FREEDESIGN | Werleben | 0 |
| Førde Internasjonale Folkemusikkfestival | VestaFolk 2021 | 40000 |
| GLOPPEN MUSIKKFORUM | Glopperock 2021 | 35000 |
| GROV PRODUCTIONS | Moving Images | 30000 |
| HALLDIS RØNNING | SORT GLIMMER | 0 |
| HARDANGERAKADEMIET, NORDISK SENTER | Utopiverksted ved Ove Jacobsen | 0 |
| Harding Puls | Fjord Pianorama | 0 |
| Hardingfela.no v/ STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET | Danseglede | 20000 |
| HAVBLIKK | Havblikk'21 | 20000 |
| Helga Eriksen | Sus og Dus byter om og Vi bygger om | 0 |
| HILDE ANNINE HASSELBERG | Et lite barn | 15000 |
| HISTORY DISPOSAL UNIT | Audioglimt V | 0 |
| HISTORY DISPOSAL UNIT | ÅRLIG LÆRLING/PRAKTIKANT/MENTOR-ORDNING FOR TVERRFAGLIG KUNST-TEKNIKER PÅ WRAP | 0 |
| HOUSE OF STORIES Lene Teigen | Livia`s Rom | 0 |
| IK RIBER - KULTURFJORDEN | RIT | 0 |
| INGRID ASKVIK | HAV | 0 |
| JØLSTER JAZZKLUBB | Jølster Jazzklubb | 0 |
| KETIL KINDEN ENDRESEN | Det syngende treet | 0 |
| Kunstbygda Balestrand AS | Forprosjekt Kunstbygda Balestrand | 40000 |
| Kunstlogen AS | Kunstnerisk møteplass i en hudpleiesalong. | 12000 |
| kunstpilotene | Strandhugg | 0 |
| LARS OVE SELJESTAD | JERNROSA Politisk Litteraturfestival | 30000 |

| | | |
|------------------------------------|---|--------|
| Laura Gaiger | Common Land | 0 |
| LESEPLANETEN AS | Leseplaneten: Midler til digital omstilling i kreativ næring | 0 |
| LINDØ ANSUR - EXPERIENCE DESIGN | Digitale Drama | 0 |
| Liv Bugge | Visualiseringer | 0 |
| Luca Berti | Sogn - Folk og Landskap. Fotodokumentarisk utstilling om Sogn anno 2020 | 0 |
| LYTTELOS ANNABEL BALEAN GUAITA | Nystemten | 0 |
| Marie Kristin Dale Music | Alvøen Musikk & Kultur | 0 |
| MARTHE VALLE | Samlingssanger (arbeidstittel) | 0 |
| MEMOAR | Memoarkonferansen 2021 | 40000 |
| MOONMADETRoup | Fabelaktig! | 0 |
| NORWAY FRINGE FESTIVAL AS | Bergen Fringe Festival 2021 | 0 |
| OSAFESTIVALEN AS | UngOsa 2021 | 20000 |
| OSAFESTIVALEN AS | Systemspegel - vandretstilling | 0 |
| Owen Weaver | Accumulations: konsert, utstilling på Lydgalleriet i samarbeid med Wrap | 10000 |
| PERFECT SOUNDS FOREVER DA | Perfect Sounds Forever #11 | 20000 |
| PIKSEL PRODUKSJONER LTD | Piksel Fest Spill 2021 | 22000 |
| PREFORM AS | Kunstproduksjon i Fjaler - utviklingsfase | 0 |
| REGNBUEDAGENE I BERGEN AS | Regnbuedagene i Bergen | 100000 |
| RITA MARIA FARIAS MUNOZ | Untitled (gardening) | 0 |
| RIVEDALS KUNSTFOREDRAG | Vestlandets kyrkjegardar | 27000 |
| RØLDALSTUNET Oddbjørn Lynghammer | Fjellfolket | 0 |
| S12 GALLERI OG VERKSTED AS | Liu Xi: Keramikk, Porselen og Glass | 0 |
| SCENISK FIKSJON AS | Klimatoppmøtet | 0 |
| SCENISK FIKSJON AS | Romkaddettane - klar for landing | 33000 |
| SIGMUND NJØS HOVIND | AMOR FATI - elsk din skjebne | 0 |
| SIMBA ARTS | Dance in Mind | 0 |
| SIMBA ARTS | Stains and Platter | 35000 |
| SINDRE EKRHEIM | Krabben - ei fleirmedial tilnærming til poesikritikken | 0 |
| STEIN URHEIM | Stein Urheim og Mari Kvien Brunvoll - ny musikk | 0 |
| STEIN URHEIM | Krypende klode | 0 |
| STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER | Pilot for kontorplasser med studio | 45000 |
| STIFTELSEN LYDGALLERIET | Oscillations- Exercises in resilience. | 20000 |
| STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST | SATELITTKONSERTAR 2021 | 25000 |
| STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST | Kultur til Folket | 0 |
| STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM | Styrlose prosessar | 40000 |
| STIFTINGA KYSTKULTUR NO! | Utvikling av Kystkultur.no | 0 |
| STIFTINGA KYSTKULTUR NO! | Kystpilegrimsleia: som perler på ei snor - meir himmel på fjord | 0 |
| STIFTINGA MÅLROCK | Målrock 2021 | 33000 |
| STIFTINGA UTKANT | Utkant'21 | 70000 |

| | | |
|-----------------------------------|---|-------|
| STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB | Strim on. Verda drøyer om deg. | 0 |
| Sunnfjord kommune | Freds- og demokratimonument i Førde | 0 |
| SYLTA MUSIKKTJENESTER | Sunnhordland Sumarkorps 2021 | 25000 |
| TEATERDRIFT BERGEN AS | Frontlosjefestivalen 2022 | 50000 |
| THE MUSICAL SLAVE KRISTIN VOLLSET | Månefestivalen 2021 | 0 |
| THOR THEATRE GULIZ PORTAKALOGLU | Praga | 0 |
| TOMREN FABRIKKER | Solastalgia | 0 |
| TORG DAGEN I BERGEN | Livesending/digital Torgdag 2021 | 22000 |
| TYSNES KOMMUNE | Biografi om Johannes Heggland | 0 |
| Ullveka | Ullveka - utvikling | 33000 |
| Undredal Ungdomslag | Konsertserie på Undredal Scene | 0 |
| UNISON AS | Kulturnatt 2021 | 0 |
| URNE KUNST/PRODUKSJON/TRANSP ORT | Jorda Tek Himlen I Famn | 0 |
| VETLE JUNKER VIK | Innspilling av La Stradas andre album | 0 |
| VILL VILL VEST | Showcase av musikkselskaper under Vill Vill Vest 2021 | 0 |
| VOKALENSEMBLET TABULA RASA | TID | 0 |
| VOKALENSEMBLET TABULA RASA | Stankelbeinmusikk | 35000 |
| AASMUND KALDESTAD | Kveldshymner | 30000 |

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 450800 Stønad etter vedtak.

Samandrag

Denne saka gjeld fordelinga av midlar gjennom tilskotsordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur etter vårfristen 1. mars. Vestland fylkeskommune mottok 117 søknader med total søknadssum på i overkant av 7 millionar.

Det er mange søkjarar i forhold til midlane som er til fordeling, og fylkesrådmann har difor måtte prioritere strengt, då tilgjengelege midlar er omlag 25% av total søknadssum.

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknadsoversikt: Prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur. Tildelingar vår 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt og levande profesjonelt kunst og kulturliv. Ordninga skal også sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet.

Ordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i dei regionale planane for kultur, og skal svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunst- og kulturliv i fylket. Ordninga skal omfatte kunst- og kulturprosjekt i regi av profesjonelle aktørar i Vestland eller tiltak og prosjekt som er retta mot/går føre seg i fylket.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021:

Sum 4 210 000 kr

Dette er totalsummen under budsjettposten Stønad etter vedtak (450800), som skal fordelast mellom denne ordninga og tilsvarande ordning for frivillig kulturliv. Fordeling mellom desse to ordningane er gjort på bakgrunn av innkomne søknadar. Begge ordningane har to fristar i året.
1. mars og 1.september

Søknadsfrist 2021:

Vedtak kriteria:

KULII 13.januar PS nr 10/21

Kriteria og informasjon om ordninga:

Informasjon på nettsida

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-prosjekt-og-tiltak--profesjonell-kunst-og-kultur/#>

Vår 2021

Tal på søknadar:

Tal søknader 117

Tal på søknadar som vart tildelt

Tal søknader 50

støtte:

Samla søknadssum:

Sum kr 7 769 938 kr

Samla løyving:

Sum kr 1 657000 kr

Midlar att til fordeling haust 2021 :

Felles sum for Prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur og Prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv vert då omlag 2 millionar til dei to prosjekttilskotsordningane (avhengig av tildelinga innan ordninga tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv).

Fylkesrådmannen sine overordna kommentar til innstillinga:

For 2021 ligg det totalt 4 210 000 kr i budsjettposten Stønad etter vedtak. Denne skal fordelast i ordningane for prosjekt og tiltak, til frivillig kulturliv og til profesjonell kunst og kultur - fordelt på to søknadsfristar i året. Det ligg no føre tilråding på fordeling av omlag halvparten av midlane ved

denne vårfristen. Elles er midlane fordelt mellom dei to ordningane ut frå søknadssum og -tal som låg føre ved fristen 1.mars. Fylkesrådmannen viser elles til sak om innretting og kriteria vedteke i Kulii.

Det kome inn mange søknader til denne ordninga. Det er difor mange som får avslag sjølv om dei stettar kriteria, og dei som får innvilga stettar i svært høg grad vurderingskriteria som er sett opp. Meir strukturelle tiltak er prioritert. 50 av dei 117 innkomne søknadane er tilrådd støtte, og majoriteten av desse får berre innvilga deler av søknadssummen.

Jf. Innrettinga skal løyvingane i hovudsak ligge mellom 10 000 og 100 000 kroner. Det er vedteke - av respekt for søkjar sitt prosjekt og finansieringsplan - at vi må innvilge minst 1/3 av omsøkt sum. Vi ser at fleire no held seg til ein søknadssum opptil 100 000 enn ved søknadsrunda i fjor vår då det var mange høgare søknadssummar.

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i kommentarane. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger i den samla vurderinga.

Fylkesrådmannen såg i fjor at det kunne vere trong for at søkjarar i større grad måtte omtale den regionale kulturverdien dei meiner å ha, og evt korleis dei ville oppnå dette. Søknadsskjemaet var så revidert og vi ser dette som nyttig både for sakshandsamar og for bevisstgjerjing for søkjar.

Absolutte kriteria

1. Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
2. Tiltaket skal stette ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
3. Tiltaket skal ha regional kulturverdi.

Vurderingskriteria

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- a) Utvikling av kulturlivet i fylket b
- b) Samarbeid og nettverk
- c) I kva grad tiltaket eller prosjektet er utadretta, inkluderande og ope
- d) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- e) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- f) Støtte og forankring kommunalt og evt. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Vurderingar og verknader

Driftsstøtte og prosjekttilskot

Organisasjonar/institusjonar som tek imot driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Det ligg føre fleire søknadar frå verksemder som får driftsstøtte over fylkeskommunen sitt budsjett. Det er ulikt i kor stor grad desse driftstilskota kjem i møte behova og ønska aktivitetsnivå. Der det er løyvd midlar no vurderer fylkesrådmann at det no omsøkte tiltaket / prosjektet skil seg tilstrekkeleg frå det som bør løysast innan driftsbudsjetta, og at det ikkje er høve til å iverksette innanfor desse ramene.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak, og der er gjengangarar også i denne søknadsbunka. Søkjar må då vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. Det er stor søknadsmengde i forhold til midlar ein har tilgjengeleg, og såleis kan ein vektlegge faktorane annleis i dei ulike søknadsrundane.

Festivalar

Det ligg føre mange søknader frå festivalar i denne ordninga. Det er i tillegg omlag 20, større festivalar, som får driftstilskot over eiga line i VLFK sitt budsjett. Ved søknader om støtte til festivalar har ein no - i tillegg til dei generelle kriteria for ordninga - sett på festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på utvikling av det kunstnarlege uttrykket, og formidlingsevne og publikumsoppslutning. Støtte frå kulturrådet si tilskotsordning for festivalar har også blitt vurdert som svært positivt for søknaden. Størrelsen på tilrådd tilskot er også sett opp mot kommunal støtte, då fylkesrådmannen ser det som viktig at kommunane tek sitt lokale kulturansvar.

Musikkfestivalfeltet er også særleg råka av avlysingar og omrokkingar på grunn av koronakrisa, og er difor prioritert her.

Søknadar om støtte til kunstproduksjon

Det er fleire som søker om støtte til produksjon og produksjonsutvikling. Scenekunstfeltet har i denne omgang særleg mange søkjarar. Jf. Revideringa av retningslinene vart det då vedteke at det ikkje skal løyvast midlar til produksjonsfasen av kunst - innan alle kunstgreiner. Nokre har ikke lest retningslinene godt nok, andre definerer produksjonsfase ulikt. Fylkesrådmannen har definert dette som alt fram til konsert/utstilling/ferdig bok eller «plate» el. Det er difor mange som har fått avslag grunna dette. Dette kan klargjerast meir på nettsidene.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Når det gjeld det profesjonelle kunstfeltet vert funksjonskriteriet for regional kulturverdi svært ofte gjeldane i søknadane. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant. Fylkesrådmannen har prioritert tiltak og prosjekt som har tydeleg, regional verdi, dvs. ofte knytt til geografisk utbreiing i tillegg til funksjon. Dei har då ein plan for utbreiing og formidling. Det er også prioritert prosjekt som involverer fleire kunstnarar, og meir strukturelle tiltak.

Som omtala i tidlegare, m.a. i saka om revidering, er denne tilskotsordninga ikkje riktig innretta for å vurdere søknader om kunstproduksjon (innan alle kunstsjangrar). Fylkesrådmann vil seinare sjå nærare på korleis fylkeskommunen skal forhalde seg til kunstproduksjonsfeltet, kva ansvar ein har her, og kva reiskap ein evt bør innrette betre for å kome behova betre i møte.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.*

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at 1 670 000 kroner vert fordelt slik det er lagt fram i vedtak og vedlegg. Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad.